

Osingane svikta ikkje, men det gjorde vatnet

03.04.2015



Dei fleste i Osgjengen samla på den 37 fot store Julie 2, oppkalla etter jenta lengst til venstre

Vi skriv langfredag og trafikken i båthamna har teke seg skikkeleg opp.Talet på gjestebåtar nærmar seg 30 og vi noterer oss at dei faste påskegjestane frå Os ikkje sviktar Uskedalen i år heller. Flåten til Os Båtlag består denne gongen av 6 båtar i storleiken 30-40 fot. Osingane slår fast at det alltid er triveleg å komma til oss, men dei har all grunn til å klage ettersom dei kom til ei vasslaus båthamn dette året. At vassforsyninga har svikta er ikkje båtlaget sitt ansvar, det skuldast ein teknisk feil på land - det vil med andre ord seie at vassverket har ansvaret, hevdar båtgleiinga.

-Vi har meldt frå, men intet har skjedd, seier dei til uskedalen.no

Vassverkleiinga seier imidlertid at båtlaget har ansvaret på grunn av tekniske omkoblingar og der står saka.



Trafikken til båthamna har teke seg kraftig opp dei siste dagane

Osingane og andre har løyst problemet gjennom kollektiv innsats, men ventar med lengsel på at vassforsyninga skal bli ordna.

Gjengen frå Os har imidlertid meir på hjarta og det er heller ikkje uvesentleg. Dei har kritiske merknadar til toaletta og dei minnast med glede tida då Birger Myklebust var ansvarleg vert i hamna. Då vart dei helsa med flagg og hamna hadde blomepynt. I år er dei sjølvsagt heller ikkje glade for at Systrene Nilsen har stengt serveringa.

Os Båtklubb er ingen liten organisasjon. Leiar Bengt Nordal-Pedersen kan mælda om eit medlemstal på 94. Med andre ord betyr det noko kvar dei legg turane sine og investerar i opphald. Deira besøk i Uskedalen innskrenkar seg slett ikkje berre til påska. Men Uskedalen som reisemål klagar dei ikkje på.

Dei går turar og fiskar. Fangstane i fjorden er begrensa, førebels i år innskrenkar dei seg til ein liten torsk. Men osingane hadde ikkje venta noko meir.

Tekst, foto og nett; Ola Matti Mathisen